



Arbeidet med fjellsprenning og knusing av massar pågår med full styrke.

Det har vorte utført stort arbeid for å skapa meir aktivitet på Børneset den siste tida. Status for tilrettelegging og vidare framdrift vert tema på årsmøte i Uskedal utvikling i kveld, onsdag 7. februar kl. 19. Prosjektleder i Kvinnherad kommune, Jarle Fossheim, kjem til møte. Innlegget hans vil gå straks etter sjølve årsmøte, i 20 tida.

Etter anbodsinnhenting fekk Musland Maskin arbeidet med fjellsprenning, veg og grøfter fram til tomtene. Arealet, som er mest synleg frå Fylkesvegen, er på det næraste klargjort. Pågåande arbeid gjeld tomtene i grensa til MESTA og eksisterande aktivitet.



[Jarle Fossheim, prosjektleiar for Børneset Industriområde, vert med på møte i Uskedal utvikling i kveld.](#)

Eidsvik Eigedom AS eig store areal på Børneset, både på den delen der det er etablert industri og eit restområde rundt neset i grensa til Hjørnevåg. Det føreligg planar for korleis dette arealet kan brukast, men område er ikkje omfatta av det arbeidet som pågår i dag.

På møte i kveld vil ein snakka om den totale bruken av Børnes Industriområde, ikkje minst kva det kan føra til av nyetablering. Klubben er i Kommuneplanen LNF område og skal ikkje rørast.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Områdekart som syner Børnes Industriområde med grenser mot naboane og andre aktivitetar.